



Tryggheimhelsing



Livsmeistring
s. 5



Elevstemne
s. 8-9



Tryggheim
utvidar
s. 10



Jubileumsåret 2019 er i gang!

Takknemleg for Friskolelova

«Komitéen mener private skoler kan utgjøre et viktig supplement til det offentlige skoletilbudet, og at de bidrar til å oppfylle foreldrenes rett til å velge en oppdragelse og utdanning for sine barn som er i tråd med egen religiøs, moralsk og filosofisk overbevisning. Dette er en rettighet som er forankret i internasjonale konvensjoner, som FNs barnekonvensjon, FNs konvensjon om sivile og politiske rettigheter og Den europeiske menneskerettskonvensjonen.»

Det er ikkje nokon ubetydeleg komité som står bak uttalen over. Det er Utdannings- og forskningskomitéen sin uttale i samband med arbeidet med Statsbudsjettet 2018. Det er godt forankra i dei fleste politiske parti at det prinsipielt er ønskeleg med ei friskulelov som den vi har i dag. Argumenta for offentlig finansierte friskular er knytt til at desse bidreg til auka mangfald i utdanningstilbodet, fleire val for den enkelte og at dei imøtekjem internasjonale konvensjonar.

Overordna del

I ny overordna del (formålsparagraf) for grunnopplæringa som skal gjelde frå hausten 2020 står det følgjande: «Et demokratisk samfunn hviler på at hele befolkningen har like rettigheter og muligheter til å delta i beslutningsprosesser. Vern av mindretallet er et avgjørende prinsipp i en demokratisk rettsstat og et demokratisk samfunn. Et demokratisk samfunn verner også om urfolk og minoriteter». Her går den same prinsipielle grunntenkinga igjen. Eit ekte demokratisk samfunn vernar om mindretallet gjennom praksis, ikkje berre i teorien. Politikarane i eit mindre demokratisk samfunn kunne ha sagt: Ver frie til å starte friskular, men kostnadene må de ta sjølv. Vi forstår fort at slike skular i eit slikt samfunn berre ville ha vore eit tilbod for dei aller rikaste. Friskolelova i Noreg sikrar ganske god finansiering slik at foreldra sin rett til å velje ein kristen friskule faktisk er reell. Foreldra finansierer allereie som skattebetalarar skule for sine born. At dei i

tillegg må betale skulepengar (10-15 % av driftsutgiftene) på ein friskule, er til å leve med for dei fleste.

Rom for mangfald

Vi ønsker som friskular rom for mangfald, rom for å tenke annleis. Vi er takksame for at Friskolelova opnar opp for det på ein god måte. Men historia har vist at det langt frå er sjølv sagt – heller ikkje fram i tid. Vi tenker på saker knytt til friskular, den siste berre eitt år tilbake i tid. Nokre få politikarar var raskt på banen og meinte statsstøtta burde trekkast tilbake om ikkje friskulen slutta med å leggje eit slikt verdidokument til grunn for dei tilsette. Tanken er altså statsstøtte berre til dei som går i takt, berre til dei som tenker som fleirtalet... Utan at det er intensjonen, kan politikarar med slike haldningar skape eit mindre demokratisk samfunn. Vi hugsar også runden Trygghet og NLM hadde om verdidokumentet sommaren 2015. Det er ofte vanskeleg med aksept av mangfald når hovudstraumen har ei anna retning. Vi må difor stadig kjempe for vår fri dom og ikkje tenke at den er sjølv sagt. Nokon maktar heldigvis å tenke prinsipielt klart og rett: «Det er lov å gå i utakt med hovedstrømmen. Det må være rom for mangfold i landet vårt» (leiar

Aftenbladet 23.07.15). Leieren held til og med fram det viktige med mangfald i eit samfunn, og at formålet med statsstøtte til alternative skular nettopp må vere å sikre og styrke mangfaldet. Filosof og forskar på ekstremisme Lars Gule maktar å tenke like klart: «Hvor langt skal statens myndighet strekke seg? Skal det finnes områder som er skjermet mot de lover som gjelder ellers i samfunnet? ... Det blir problematisk dersom staten, lovgivningen og/eller flertallets normer skal overstyre en livssynsbasert overbevisning. Menneskerettighetene slår fast at livssynsfriheten er fundamental.» (Klassekampen 08.02.18).

Samfunnet treng slike tenkarar med prinsipiell styrke og klårleik, for at vi og i framtida kan ha håp om åndsfridom, ytringsfri dom og vern om mindretallet.



Grenseløs nåde



Mange ganger gjennom mitt liv har jeg spurt meg selv: Hva skal til for å komme til himmelen? Hvem blir med? Til tross for mange bibelvers som er tydelige om veien til himmelen, dukker dette spørsmålet opp for mange av oss. Bibelen sier jo blant annet: «For hvis du med din munn bekjenner at Jesus er Herre, og i ditt hjerte tror at Gud har oppreist ham fra de døde, da skal du bli frelst» Rom. 10,9.

Hvorfor blir jeg da usikker? Siden jeg selv reiser som forkynner, tenker jeg ofte over hvordan jeg forkynner evangeliet. Klarer jeg å formidle det som Bibelen virkelig vil si oss? Mange av oss har vanskelig for å slå oss til ro med det som ikke er helt avklart. Når jeg vet at jeg tenker mange tanker som ikke er i tråd med Guds vilje, og så mye i livet mitt skulle vært annerledes og bedre, så oppleves det som om jeg kanskje ikke vil komme til him-

melen. Vi som forkynner evangeliet kan ha lett for å sette opp det kristne budskapet skjematisk. For eksempel har det mange ganger vært satt opp et tydelig skille mellom det å falle i synd og leve i synd. Noen sier at man ikke kan velge å leve i synden, og samtidig være en kristen. Jeg tror mange opplever at selv om de ikke velger å gjøre de typiske store og synlige syndene, så velger vi allikevel å synde på flere områder der andre ikke ser. Eller så er det synder som de fleste ikke ser på som så store, som vi gang etter gang velger å gjøre. Det er kanskje ikke så lett i praksis allikevel å avgjøre om jeg selv faller eller lever i synd. Bibelen sier at vi også kan gå til ham med dette problemet i vårt liv. I Rom. 7,19 erkjenner Paulus: «Viljen har jeg, men å fullføre det gode makter jeg ikke. Det gode som jeg vil, gjør jeg ikke, men det onde som jeg ikke vil, det

gjør jeg. Men gjør jeg det jeg ikke vil, er det ikke jeg som gjør det, men synden som bor i meg».

Vi ser at også Paulus sleit med dette at det onde som han ikke ville, det gjorde han allikevel. Er det ikke slik for oss alle egentlig? Vi får det ikke til å gå opp. Vi vet på mange måter ikke hva vi egentlig velger, eller om det er noe som tilfeldig skjer, og som er et fall. Det som Bibelen er tydelig på, er at Jesus vil at vi skal gå til ham med alt, og bekjenne at vi ikke får det til.

1. Joh. 1,9: «Men dersom vi bekjenner våre synder, er han trofast og rettferdig, så han tilgir oss syndene og renser oss for all urett». Det som ikke er logisk for oss mennesker er at om vi gjør mye galt, eller det meste galt, så vil han likevel gi oss tilgivelse og 100 % nåde. Det er lite, eller rettere sagt ingenting i livet, som er som Guds nåde. Den gir oss alt, uten at vi har fått til noe. Vi begynner å se at dette er noe vi ikke kan forstå. Det går ikke opp for oss som et logisk regnestykke. Vi må bare akseptere at han var villig til å gå i døden for oss, selv om vi ikke engang maktet å ha lyst til å slutte å synde. Det er rett og slett nåde nok for deg og meg også!

2. Kor. 12,9 «Min nåde er nok for deg, for kraften fullendes i svakhet».

Storingsrepresentant hjelper ungdomsbedrift

Aleksander Stokkebø (H) frå finanskomitéen på Stortinget besøkte ungdomsbedrifta Good Morning på Trygghjem tysdag 22. januar.

Dagleg leiari Johannes Haus og økonomiansvarleg Jonas Vik fekk tips på vegen vidare då dei møtte storingsrepresentanten, som er mentor for bedrifta. NRK Rogaland var også innom skulen og laga ein radio-reportasje frå besøket.

Konseptet til Good Morning UB går ut på å gje jobb til menneske som har hatt rusproblem ved at dei skal selje kaffi ved togstasjonar.



Johannes Haus (t.v.) og Jonas Vik (t.h.) overrekte kaffibrikker i gåve til storingsrepresentant Aleksander Stokkebø.

Jubileumsåret 2019 er i gang!



Møtesalen var fullsett då rektor Gjermund Viste ønskte velkommen til ei storslått kveldssamling måndag 14. januar. Scenen var innreidd som ei gammal stove med stilfulle møblar, portrett-foto av tidlegare rektorar og ein lun atmosfære.

- Tekst: Henrik Foss og Anne-Berit G. Aanestad
- Foto: Tårn Helge Helgøy

Årets første jubileumsmerking samla heile 600 menneske

Overskrifta for den første temasamlinga i jubileumsåret var «Folkehelse og livsmeistring». Oddvar Vignes frå Finnøy fortalde si sterke livshistorie med både humor og alvor. Programmet inneheldt òg ein sofasamtale der Vignes og psykiater Stig Heskestad blei intervjuva av studieleiar Anne Lise Flatebø og psykologilærar Eli Bjuland i jubileumskomiteén. Songaren Sunniva Muren, som er elev i 2STC, serverte musikalske godbitar akkompagnert av pianisten Jørgen Baksaas, trommisén Andreas Vasshus og saksofonisten Glenn Vorhaug. Dei 600 publikummarane fekk òg vere med og syngje Tryggheimssonen, forfatta av Trygve Bjerkrheim.



SOFASAMTALE: Oddvar Vignes og Stig Heskestad var gjester då Tryggheim inviterte til årets første temakveld i jubileumsåret. Eli Bjuland og Anne Lise Flatebø leia arrangementet.

Stor interesse for «Misjon i ei ny tid»

Den vellukka jubileumsmerkinga var ei av totalt fem opne kveldssamlingar som skal gå føre seg i løpet av våren. Jubileumskomiteén var spent på om neste arrangement og ville trekkje fullt hus – og det gjorde det! Måndag 18. februar var det ny temakveld, denne gong med overskrifta «Misjon i ei ny tid». Leiar i NLM Utland, Hans Arne Sanna, var saman med misjonsrådsgjevar Rune Mjølhus og misjonær Helga Røyland blant gjestene som deltok

med foredrag og i sofasamtale. Innimellom fekk vi eit par filmsnuttar med helsingar frå tidlegare Tryggheimelevar som no er ute på ulike misjonsfelt.

Også denne kvelden fekk me musikalske innslag av elev Sunniva Muren og saksofonist Glenn Vorhaug. I tillegg deltok russekoret. Og – som seg hør og bør hjå «Kinamisjonen» – blei det servert vårullar og salat denne kvelden.



Oddvar Vignes snakka til om lag 600 fram-møtte på det første jubileumsarrangementet.



Sunniva Muren deltok med fin song.



Glenn Vorhaug på saksofon.

Livsmeistring i fokus på temadagen



Jarle Mong snakka om dei positive sidene ved å visa sårbarheit.

Mange foreldre tok turen til Tryggheim på temadagen laurdag 2. november. Dei fekk med seg både foreldremøte, Ungdomsbedrift-utstilling og spennande føredrag. Dagen blei avslutta med russebasar til inntekt for misjonsprosjektet.

- Tekst: Sofie Braut og Kristin Samdal
- Foto: Tårn Helge Helgøy

Livsmeistring stod i fokus på temadagen. Jarle Mong heldt eit engasjert føredrag om det viktige ved å våga å vera sårbare og sjansane det gir til å koma nærare kvarandre. Det å sleppa fasaden er eit risikoprojekt, men er likevel det vi må våga om vi verkeleg skal møtast som medmen-



Russen heldt basar til inntekt for misjonsprosjektet. Innsamla middel går til evangelisering og bistand i Etiopia.

neske. Det er nok av folk som imponerer med prestasjonar av ulikt slag, og det er så mange kanalar kor ein kan dela alt det som er vellukka. Men berre å sjå dei fine framsidene gjer oss ikkje godt. Det kan skapa avstand og gjera oss utbrende. Som forskning på skam og sårbarheit syner, til dømes gjennom amerikanske Brenè Browns arbeid innan feltet, er det først og fremst dette som utviklar oss som menneske, understreka Mong, med mange døme frå kvardagslivet som familiemann og lærar på Bryne vgs.

Marianne Fredbo er lærar ved KVS Lyngdal, og tidlegare deltakar i Paralympiske sommarleikar. Ho tok utgangspunkt i si sterke personlege forteljing frå då ho som fireåring vart kvesta i ei ulukke på garden der ho vaks opp, og brukte heile seg for å formidla at livet har stor verdi også om ein

har med seg ekstra utfordringar i bagasjen. Med ein smittande entusiasme og stort engasjement gav Fredbo viktige perspektiv på å snu avgrensingar til verdifulle ressursar for livsmeistring og inspirasjon for andre.

Dagen vart avslutta med russebasar til inntekt for misjonsprosjektet. Ein engasjert russegjeng samla inn over 130.000 kroner til evangelisering og bistand i Etiopia.



Marianne Fredbo brukte egne erfaringar til å snakka om kva som gir livet verdi.

Dramatisk vending i flygelsaka

Strengt tatt har det knapt skjedd så mykje avgjerande verken reelt eller formelt frå saka starta, som no i 2019. Ho har på nytt vore oppe som orienteringssak i skulestyret, eit mellombels vedtak er fatta, eit vedtak som stabiliserer situasjonen.

- Tekst og foto: Knut Handeland

Vedtaket lyder: «Planlagt renovering av flygel i Polen i 2018 er utsett på ubestemt tid.» Ordlyden gir rike høve til spekulasjon over alle dei underliggande meningslaga, og det

vert kviskra om skittent spel, koplingar til Treholtsaka, møbelhandlar på Jessheim og vannverksjef på Romerike, men redaksjonelt vil me ikkje bringe vidare slike speulasjonar. Me er på det reine med at mange no kjenner ei lette, særleg dei som var sett opp til å bere.

Den andre vendinga er at det er sett ut døgnvakt ved flygelet. Eit bilete av den myndige initiativtakaren bak Tryggheim, Sven Foldøen, reknar ein med skal vere meir enn nok vernemakt. Den kraftige auraen og blikket hans lyser av dugnadsbasert mynd og godleik, og manar forbipasserande til ansvarleg forvaltning og givarglede framfor fanteri og slarv, som dei truleg elles hadde i tanke.



Sven Foldøen vaktar flygelet.

Variert undervisning på Tryggheim ungdomsskule

I løpet av nokre månadar er det mange ulike slag undervisning på Tryggheim ungdomsskule. Naturleg nok er det ein del «gode, gamle» skuletimar, men det er langt mellom vekene der alle øktene går etter planen. Her er eit lite glimt av kva som har skjedd berre etter juleferien.

■ Tekst og foto: Håkon Haugland

FN-rollespel

Onsdag 30. januar besøkte FN-sambandet skulen, og arrangerte FN-rollespel i lag med heile 10. trinn. Elevane var delte inn i landdelegasjonar og var samla til møte i FNs Tryggingråd. Målet med dagen var å lære korleis forhandlingar i FN går føre seg, kva verkemiddel verdssamfunnet har i møte med konflikhtar, og heilt konkret forsøkte elevane å koma fram til ein resolusjon om borgarkrigen i Jemen.

Det var godt engasjement i elevgruppa, mange sende lappar, diskuterte i delegasjonen sin, fremja forslag i pausane og mange elevar deltok også med innlegg og replikkar i plenumsdebattane. Elevane fekk erfare at det er vanskeleg å bli samde om tiltak for å



F.v. Martin Harbo frå USA i diskusjon med Dani Aanestad frå Kuwait. Bak kan me mellom anna sjå Markus Emil Østby frå Saudi-Arabia.



FNs Tryggingrådet besøkte Tryggheim ungdomsskule 30. januar.

stoppa konflikten, landa har ulike meiningar, haldningar og omsyn dei skal ta. Det er også gamle og nye alliansar det skal takast omsyn til. Alt dette gjorde at det blei vanskeleg å vedta ein klar og konkret resolusjon, altså blei FN-rollespelet nokså realistisk.

Martin Harbo representerte USA i Tryggingrådet. Han seier at han lærte mykje av rollespelet, og at det var triveleg med ein annleis skuledag. Dani Aanestad frå Kuwait og Markus Emil Østby frå Saudi-Arabia er samde i at det var ein spennande dag, men at det kunne vera litt forvirrande og vanskeleg å halda styr på kva alle landa meinte, kva «mitt land» skulle meina, og kven det ville vera naturleg å samarbeida med.

NRK Klassequizen

NRK har i fleire år kåra landets smartaste 10.-klassingar. I 2015 representerte Tryggheim ungdomsskule Rogaland i den TV-sende finalen, og du høyrte kanskje tre elevar frå Tryggheim på Lokalen (radiosendinga til NRK Rogaland) måndag 11. februar. Då var Lotte Sangolt, Oskar Feed Jakobsen og Sander Benjamin Karlsen på lufta for å svara på tolv varierte spørsmål. Dei fekk vanskelege spørsmål, men klarte ni rette. Dessverre held ikkje det til fylkesfinale dette året, men det var ei kjekk oppleving for elevane som representerte skulen, og det er kjekt å kunna visa fram nokre av dei kunnskapsrike elevane våre.

Skileir på Tonstadli

Snøen kalla på 10. trinn, og dei reiste til Tonstadli leirstad 13.-15. februar. Onsdag var det langrenn på Feed Skiarena, torsdagen gjekk turen til Ådneram, der ein god gjeng elevar var i alpintrekket, mens andre fekk seg ein ny

dag med langrenn. Til å koma frå snøfattige jærbygder var det mange som viste at dei var fødte med ski på beina, og dei som hadde lagt frå seg skia på fødestova, viste også solid innsats og god framgang både i langrenns-sporet og i bakken.

Dramatikk på 9. trinn

■ Tekst: Erik Alexander Ravnås Aarmo

På ei veke fekk 80 elevar og 10 lærarar på 9. trinn førebudd, laga og framført stykket Dei bortkomne, skrive av Sigurd Idland, lærar på Tryggheim ungdomsskule. Med likninga om den bortkomne sonen som utgangspunkt fekk elevane vist korleis forteljinga kan vere aktuell i vår tid, om å ta eigne val, søkje etter fridom, men også om å kome heim til kjærleik og tilgjeving.

Elevane har arbeidd i ulike grupper for å skape Dei bortkomne saman. Nokre har arbeidd på scena, med skodespel, musikk, dans, laga kostymer og rekvisittar, og produksjon av lyd og bilete. Andre har vore utanfor scena og motivert med daglege videonuttar. Den populære matgruppa serverte forfriskingar gjennom veka. Dette er eit prosjektarbeid der alle må delta for å kome i hamn.

Stykket blei framført for dei andre elevane på ungdomsskulen, nokre klassar på VGS og inviterte barneskuleklassar på Nærbo. Familie og vener blei invitert til premiera med sal av kaffi, saft og kake. Ein riktig festkveld der familie og vener fekk sjå kva dei hadde arbeidd med den siste tida.

Prossessen med å skape, samarbeide, tenke kreativt, finne løysingar, utforske talent og sider ein ikkje har prøvd tidlegare, er enda viktigare enn sjølve produktet. Denne proses-



Blid gjeng på Feed Skiarena. Foto: Norunn Nord-Varhaug



Førebuing til stykket Dei bortkomne. F.v. Elina Greiner, Hanna Hovda, Bente Halvorsen, Ingrid Emilie Gomo Aanestad, Kristine Undheim og Auguste Pazdradyte. (Foto: Mia)



Tryggheim ungdomsskule i studio hos NRK Rogaland. F.v. Lotte Sangolt, Johan Mihle Laugaland (journalist i NRK), Oskar Feed Jakobsen og Sander Benjamin Karlsen.

sen er ikkje alltid utan smerte, noko kanskje dialogen mellom dei to sønene kan illustrere:

Eldste son: Dette er livet!
 Yngste son: Dette er døden!
 Eldste son: Livet er herleg!
 Yngste son: Livet er drit!
 Eldste son: Eg nyter kvart sekund!
 Yngste son: Eg hatar kvart sekund!

Mange kan kjenne seg att i både den eldste og den yngste sonen etter revyveka. Elevane sit med erfaringar om prøving og feiling, meistring, korleis ein møter utfordringar og hjelper kvarandre for å løyse dei på ein god måte. Stykket blei på alle måtar eit godt produkt, men vegen fram dit er kanskje den viktigaste for elevane sjølv.

8. trinn på Vitenfabrikken

■ Tekst: Jacob Z. Grastveit

Fredag 18. januar reiste 8. trinn til Vitenfabrikken i Sandnes for å lære meir om fysikk og astronomi. I opningsshowet fekk nokre elevar prøve seg på å ta på plasma, den fjerde ag-gregattilstanden. Dei heldigaste, og kanskje tøffaste elevane fekk prøve seg på å fange ein plass mellom 50.000 og nokre millionar volt med ein metall-hanske. Vitenfabrikken hadde nemleg fått på plass ein "Tesla coil". Ingen elevar vart skadde i forsøket. I tida fram til heimreise fekk elevane gå rundt og sjå på utstillinga. Den bestod av eit hav av forskjellige forsøk og interessante utstillingar. I tillegg fekk elevane eit lite kurs i stjernehimelen over Noreg, i eit rom kalla Planetariet. Det var ein glad gjeng som var med på tur, dei koste seg både på fabrikken og på reisa til og frå. Nokre lærarar kunne nok tenkt seg mindre snøballkasting og mindre allsong på toget heim, men gøy har vi i alle fall hatt det! Takk for turen!

Leiarhjørnet



Tron-Arild Grødem

29. juni 2004 er ein merkedag for Tryggheim. Skulen fekk då godkjenning for å starta opp ein kristen grunnskule på Nærbo. Den fyrste godkjenninga var på 90 elevar, den vart utvida til 180 elevar våren 2006 og til 270 elevar på slutten av 2010.

For skuleåret 2019-2020 har me dessverre måtta seia nei til fleire elevar som ynskjer å gå på skulen. Det er teke inn 96 elevar på 8. trinn, fordelt på 4 klassar. Totalt vil skulen då ha mellom 250 og 260 elevar. Det tykkjer me er veldig flott. Me ynskjer å retta ein stor takk til alle dykk foreldre som sender ungdommane dykkar til Tryggheim. Takk for tilliten de syner oss.

Ynskjet frå dei som ein gong søkte om å få starta skule på Tryggheim, var å kunna vera med på å gje ungdommane eit mål og ei retning for livet. Dei, og me som arbeider i skulen nå, ynskjer å hjelpa ungdommane til å forstå og til å tolka verda me lever i. Me har eit sterkt ynskje om at ungdommane må finna meining med tilværet.

Samfunnet me lever i, spriker i mange retningar. Det er ei forventning om at alt skal vera livssynsnøytralt. Kva som er rett og sant for meg, treng ikkje vera rett og sant for deg. Fleire og fleire meiner at gudstua skal vera ei privatsak, men er det mogleg? Er det mogleg å gjera samfunnet livssynsnøytralt? Er det ynskjeleg?

Jon Svartdal skreiv eit lesarinnlegg i Telemarksavisa 20. februar 2008 med overskrifta 'Livssynsnøytral skule?': «Det ateistiske livssynet får forrang, når religionen blir tona ned er det berre ateismen som står att. Og ateismen er like lite nøytral som kristendommen.»

Det same seier Geir Martin Økland på Stord Kristne Skule: «Om ein tek Gud bort frå skulen, vert ikkje skulen nøytral, men ateistisk, det er og ei tru, og på ingen måte nøytralt.»

Me på Tryggheim ungdomsskule ynskjer å vera frimodige på det som me trur på og det som me er godkjende på. Me ynskjer å vidareføra tanken om at skulen skal oppseda, og gjennom undervisninga gje elevane grunnlag for kristen tru som ei rettesnor for deira liv.

Elevensternet 2018



10-årsjubilarer



20-årsjubilarer



30-årsjubilarer

■ Tekst: Kjartan Håland
■ Foto: Henrik Foss

Elevstemnet for 10 – 70-årsjubilarane gjekk av stabelen rett etter skuleslutt fredag 22. og laurdag 23. juni i 2018. Me ynskjer å takka alle som kom for å mimra om tida si på Tryggheim desse dagane. Me vonar samstundes at besøket til Tryggheim og samværet med tidlegare elevar gav meirsmak. I 2019 er Tryggheim 100 år, og de har vore med på reisa. Velkomen attende.

Me ynskjer å retta ei takk til dei som var i sving denne helga for å skapa ei ramme og eit innhald kring eit kjekt og viktig arrangement.

Bileta frå elevkulla som du her får sjå i Tryggheimhelsing, ligg også på skulen si heimeside for fri nedlasting.



40-årsjubilarantar



50-årsjubilarantar



60-årsjubilarantar



Tryggheim utvidar

I februar starta utbygging av hovudbygget på vidaregåande. Det første hovudbygget i tre stod i tett på 50 år, og i år bikkar dagens bygg frå 1969 same grensa. Månaden markerer byggstart på fleire hundre kvadratmeter romleg utfolding til glede for alt folket på innsida. I jubileumsåret, som alt er godt i gang, har skulen fleire store treff, møte og festar, så dei ekstra kvadrata kjem godt med frå første stund.

■ Tekst: Knut Handeland

Driftsleiar Per Ivar Wold har kontroll på dei lange linjene.

- 28. juni er det opning av påbygget, seier han.

- Blir det opningsfestival?

- Nepe noko storarta, sia ferien er i gang då, men det blir nok markert ved skulestart i august.

- Er det ei etterlengta utbygging?

- Ja, det kan ein trygt slå fast. Spesielt for kjøkkenpersonalet har det vore tronge tider dei siste åra. Matsalen har hatt for liten kapasitet, spesielt når ungdomsskulen skal eta lunsj. Nå får me utvida med 70 plassar, så då stig kapasiteten til 270. Tida i matkø for elevane kan gå ned, for 110 kvm ekstra rom gir lengre anretningsbord.

I tillegg får me to nye klasserom, to grupperom, to toalett, møterom for reinhaldsleiar og for kjøkkenleiar.

- La oss snakke om det vonde og vanskelege, Per Ivar: pengar. Kva kostar dette?

- Kalkylen er på ca 11,5 mill.



Fasade sør. Kjelde Novaform AS (utsnitt av teikning).



Fasade vest. Kjelde Novaform AS (utsnitt av teikning).

- Er det ungdomsbedriftene som skal stå for bygginga?

Rå latter blir følgt opp av eit tydeleg «Nei, det er det ikkje!»

- Novaform har prosjekteringsansvaret og Byggmeister Hersdal AS skal ha tømrararbeidet.

Saman skal dei spikre nok ein grunn til å gå hausten lyst i møte, medan høgssensitive tilsette og elevar bør seie mellombels farvel til medelevar og kollegaar, fülle øyrene med byggeskum og vente på sommaren, for slike ting kan ikkje skjje lydløst.


Tryggheim vil starte anleggsteknikk

Tryggheim vidaregåande skule har søkt Utdanningsdirektoratet om å starte Vg2 anleggsteknikk. Skulen har ikkje bedt om å utvide elevtalet eller byrje eit nytt utdanningsprogram, men å få styrke tilbodet til bygg- og anleggsavdelinga.

Skulen har i utgangspunktet søkt om å få starte Vg2 anleggsteknikk frå hausten 2020, men kan byrje allereie frå hausten dersom Rogaland fylkeskommune ønsker fleire elevplassar innan utdanningsprogrammet. Tryggheim har vore i kontakt med aktørar i bransjen som ønsker at skulen opprettar ein eigen anleggsklasse i august.

Illustrasjonsfoto.





Tryggheimkalender

MARS

Tirs. 5.-fre. 8. Leirskole VG1
 Ons. 6. Tryggheimbasar
 v/Ole Johnny Møyholm
 Lør. 9. Tryggheimbasar
 v/Paul Odeh
 og Jæren Gospelkor

APRIL

Man. 8. Jubileumsarrangement
 «Påske – oppstandelsen»
 v/bl.a. Hans Johan Sagrusten.
 Musikk Morten Samuelson.
 Man. 15.-tirs. 23. Påskeferie
 Tors. 25. Jubileumsarrangement
 «Menneskeverd»
 v/bl.a. Ola Didrik Saugstad.
 Musikk Hilde Sveta.
 Man. 29. Misjonsløp

MAI

Man. 13. Jubileumsarrangement
 «Læring for livet og
 næringslivet» v/Leif Arild
 Steen, Ole Olsen og Maria
 Aasbø. Musikk John Gravdal.
 Fre. 31. Fridag

JUNI

Ons. 5. og tors. 13. Muntlige eksamener
 Fre. 7. Avslutningsfest

Tryggheimhelsing

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)
 Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
 Henrik Foss
 Knut Handeland
 Bjørg Topnes
 Håkon Haugland (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

e-post Tryggheim skular: post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.
 Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS
 Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)



Konsentrerte vg3-elevar på skriveverkstad.

«Verkeleg fri?»

Skrivekonkurransesuksessen frå 2018 held fram. Årets temaet er «Verkeleg fri?». Elevar på NLMvgs-skular er inviterte til å skriva saktekstar om dagsaktuelle tema som trusfridom og ytringsfridom.

■ Tekst: Bjørg Topnes
 ■ Foto: Henrik Foss

Fleire er alt i gang med arbeidet, og mange nyttar høvet til å kombinera konkurranse-tekstskrivning med innlevering i norsk. Som hjelp på vegen fram mot den gode teksten arrangerer norsklærarar skriveverkstad. Om lag tjue møtte fram til den første skriveøkta som også baud på kjeks og jus.

Informasjonsleiar i NLM, Espen Ottosen, blir jurymedlem også i år i lag med norsklærarar på NLMvgs-skular. Juryen vil få gleder av å dela ut ein pen pengepremie til dei beste tekstane. I år er det Sygna vgs som dreg i trådane, og innleveringsfristen er 12. april.



Lærer Gunhild H. Obrestad rettleidde ivrige skrivarar.



Visste du at?

Beate Haus (ST 11-14) og **Ben David Normann** giftet seg 28. desember
Birgitte Bjorland Helgøy (ST 13-16) og **Thomas Galteland** giftet seg 5. januar

Martin Lindhjem (ungd.arbeider/lærer 07-) har gitt ut CD sammen med **Aleksander Olsen** (EL 10-12): «Virkelig fri» - en samling countryinspirerte sanger med evangelisk innhold.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).



Dysleksivenleg skule



Fylkespolitikar Jan Gunnar Mattingsdal frå Opplæringsutvalet gratulerte Tryggheim med å bli godkjend som dysleksivenleg skule.

Onsdag 6. februar fekk Tryggheim vidaregåande tildelt plaketten som viser at skulen skal vera dysleksivenleg. Rådgevar Vidar Lothe Waaler i organisasjonen Dysleksi Norge gratulerte og overrekte det synlege beviset til rektor Gjermund Viste.

- Dysleksi Norge har besøkt og vurdert skulen, og funne at han oppfyller dei strenge krava våre. Den dysleksivenlege skulen vil gjera ein forskjell for kvar enkelt elev, understreka Waaler.

- Tekst: Bjørg Topnes
- Foto: Henrik Foss

Godt for alle

Rektor Gjermund Viste takka for plaketten og lova at skulen vil gjera alt for å leva opp til godkjenninga.

- Plaketten hjelper oss til å halda oppe læringstrykket. Tilrettelegging er til hjelp for alle, så dette er ein vinn-vinn-situasjon, sa han.

Overrekkinga vart feira med kaffi og marsipankake. Teksten «nødvendig for noen – godt for alle» prydde kakene som eit argument for dysleksivenlege undervisningsmetodar.

Jan Gunnar Mattingsdal frå Opplæringsutvalet i fylket gratulerte med utnemninga og uttrykte glede og stoltheit over å sjå at Tryggheim er i spissen – skulen i hans heimkommune.

Vil stadig bli betre

Primus motor i arbeidet har vore studieverkstadleiar Solfrid Muren.

- Me har hatt fokus på rutinar og tilrettelegging, det er utarbeidd råd for dysleksivenleg undervisning og kompetansen i personalet er auka. Framover vil me jamleg evaluera arbeidet vårt, og hjelpa kvarandre til å bli endå betre til å ivareta alle elevane, seier ho. Tryggheim er den første vidaregåande skulen i Rogaland som får denne godkjenninga. Alt i 2016 fekk ungdomsskulen på Tryggheim nemninga, då som den første ungdomsskulen i fylket.



Rådgevar Vidar Lothe Waaler i Dysleksi Norge heldt foredrag om digitale hjelpemiddel då han besøkte Tryggheim.



Alle lærarane var til stades i daglegstova då Tryggheim fekk plaketten av Dysleksi Norge.



Marsipankaker stod på menyen då Tryggheim fekk plaketten som fortel at skulen er dysleksivenleg.



Nestleiar Jonatan Hurthi og sekretær Rajeni Jabessa Wodajo i elevrådet var med på feiringa.